

# **Grunnvatn i Sokndal kommune**


**NGU Rapport 92.110**

## **MERK**

at kommunane er skilde i A- og B-kommunar. Dette er gjort av fylkeskommunen etter oppmoding frå Miljøverndepartementet for å konsentrera innsatsen om dei kommunane som har størst behov etter målsetjinga til GiN. I A-kommunane er det gjort feltarbeid, mens det ikkje er gjort feltarbeid i B-kommunane. Der er vurderingane basert på eksisterande materiale og kunnskapar om forholda utan at ny kunnskap er innhenta. Innhaldet i rapporten vil difor i regelen bera preg av om den omhandlar ein A-kommune eller ein B-kommune.

Rapport nr. 92.110	ISSN 0800-3416	Gradering: Åpen
Tittel: <b>Grunnvatn i Sokndal kommune</b>		
Forfatter: Oddmund Soldal Øystein Jæger	Oppdragsgiver: Miljøverndepartementet NGU	
Fylke: Rogaland	Kommune: Sokndal	
Kartbladnavn (M=1:250.000)  Mandal	Kartbladnr. og -navn (M=1:50.000)  1211 I Egersund, 1311 IV Sokndal	
Forekomstens navn og koordinater:	Sidetall: 11  Kartbilag:	Pris: 50,-
Feltarbeid utført:	Rapportdato:  23.03.92	Prosjektnr.:  63.2521.22 Ansvarlig: 
Sammendrag:  Sokndal er ein B-kommune i GiN-prosjektet. Vurderingane byggjer på tidlegare undersøkingar og på kartstudier. Vassbehovet er berekna etter 250 liter/person pr. døgn. Det er prioritert fire område i kommunen:  Nesvåg-Vatland: ("Mogeleg"). Spreidd busetnad gjer det aktuelt å bruka fleire vasskjelder. Truleg mogeleg å dekka vassbehovet ved å bora fleire brønnar i fjell.  Bergly-Berrjod: ("God"). Boring i fjell kan truleg dekka vassbehovet.  Ålgård-Mysse: ("Mogeleg"). Truleg mest aktuelt med utnytting av to vasskjelder. Ei lausmasseavsetning ved Ålgård vil truleg vera eigna for grunnvassforsyning. Ved Mysse vil fjellboring truleg gje nok vatn til å dekka behovet.  Mydland: ("Mogeleg"). Fleire brønnar i fjell vil truleg kunna dekka behovet for vatn.  Få opplysningar om fjellgrunnen sine eigenskapar i kommunen gjer at vurderingane er relativt usikre. Konklusjonen byggjer på erfaringar i nabokommunane.		
Emneord:	Hydrogeologi	Grunnvann
Grunnvannsforsyning	Forurensning	Løsmasse
Berggrunn	Database	Fagrapport

## Mogelegheit for grunnvatn som vassforsyning



Forsyningsstad	Oppgitt vassbehov	Grunnvatn i lausmasser fjell	Grunnvatn som vassforsyning
Nesvåg-Vatland	0,40 l/s	Dårlig	Mogeleg
Bergly-Berrjod	0,04 l/s	Dårlig	God
Ålgård-Myssa	0,30 l/s	Mogeleg	Mogeleg
Mydland	0,50 l/s	Dårlig	Mogeleg

<b>Innhaldsliste</b>	<b>Side</b>
Rapportane i GiN-programmet	(2. omslagsside)
<b>MOGELEGHEIT FOR GRUNNVATN SOM VASSFORSYNING</b>	
<b>Innhaldsliste</b>	<b>2</b>
<b>1      GENERELT OM GRUNNVASSFORHOLDA I KOMMUNEN</b>	<b>3</b>
<b>2      FORUREININGSKJELDER</b>	<b>4</b>
<b>3      PRIORITERTE OMRÅDE</b>	
Nesvåg-Vatland	4
Bergly-Berrjod	5
Ålgård-Myssa	5
Mydland	6
<b>4      TIDLEGARE UNDERSØKINGAR</b>	
Referansar i prioriterte område	8

## Nemningar brukta på kart

Bruk NGU-INFO i arbeid med grunnvatn (3. omslagsside)

## **1 Generelt om grunnvassforholda i Sokndal kommune**

Kommunale overflatevassverk er i bruk i Hauge og eit er under bygging i Åna-Sira. Dette er dei største tettstadene i kommunen. Alternativ vassforsyning er berre aktuelt til mindre stader i utkantane.

### **LAUSMASSAR**

Grunnvatn i større mengder kan som oftast berre takast frå sand- og grusavsetningar. For å vera sikra tilstrekkeleg fornying av grunnvatnet er det oftast nødvendig at avsetningane ligg i kontakt med vatn eller vassdrag. Slike avsetningar finnst i Hauge, Åna-Sira og Ålgård.

Forholda i Hauge er undersøkt av Huseby (1974, 1978). I Hauge er det dyrka mark på desse avsetningane og dei er ikkje aktuelle for grunnvassuttak pga. konflikt med jordbruksinteressene. I Åna-Sira har undersøkingar påvist problem med saltvassintrengning.

Langs dei fleste vassdrag finnst det sand- og grusavsetningar, som er eigna til grunnvassuttak. Men dei er ofte for små til å kunna dekka det ønskte vassbehovet.

Kjelder i underkant av skred- og moreneavsetningar kan i mange tilfelle vera eigna til vassforsyning til enkelthus/gardar. Gravde brønnar kan også vera bra til dette formålet dersom finstoffinhaldet i jordarten ikkje er for høgt.

### **FJELL**

Bergartene med høgast vassgjevarevne er dei som er sprø og harde som dermed sprekk lett opp og har evne til å halda sprekker opne.

Anortosittiske bergartar er dominerande i kommunen. Det er relativt seige bergarter og det er lite kjent kva vassgjevarevne dei har. Ut frå boringar i regionen går vi ut frå at gjennomsnittleg vassgjevarevne er ca. 0.1 l/s pr. borhol. Lokale forhold er viktige, og dersom boringa vert retta mot større sprekkesonar kan vassmengda verta større.

## **2 Forureiningskjelder**

Vi kjenner ikkje til større forureiningskjelder som kan påverka grunnvassførekomstane i dei prioriterte områda. Avrenning frå landbruket kan påverka grunnvasskvaliteten i enkelte område.

## **3 Prioriterte område**

### **NESVÅG - VATLAND**

Vassbehovet for området er ca. 0.4 l/s. Busetnaden er spreidd og fleire brønnar er truleg meir aktuelt enn eit felles anlegg.

Det er ingen kjente lausmasseførekomster eigna for grunnvassforsyning i området.

Bergarten i området er anortositt. To dalføre som er retta mot nordaust, eit frå Nesvåg og eit frå Vatland, går truleg langs svakheitssonar i fjellet (fig.1). Oppsprekkningsgraden er ofte relativt stor i slike sonar, men dei kan vera igjenfylt med leirmineral eller andre utfellingar. Utan nærmare kunnskap om området kan ein ikkje seie noko om dette.

Ofte gjev boringar som ikkje er retta mot slike sonar også bra med vatn. Trykking av borhol er ein metode som er nytta for å auka kapasiteten til brønnar.

Området er stort, og det vil derfor vera aktuelt med fleire brønnar. Det er viktig å passa på at desse ikkje vert plassert for nær sjøen pga. faren for inn-trengning av saltvatn.

## BERGLY-BERRJOD

Vassbehovet er 0.04 l/s.

Også her er det anortosittisk berggrunn. Boring i fjell bør kunna dekka vassbehovet.

Det er ingen kjente førekomster av lausmasser som kan vera eigna for uttak av grunnvatn i det vurderte området.




Fig. 1 Utsnitt av kartblaada (M 711) 1211 I Egersund og 1311 IV Sokndal som viser dei vurderte områda Nesvåg/Vatland og Bergly/Berrjod.

## ÅLGÅRD - MYSSA

Vassbehovet er ca. 0.3 l/s. Mellom Myssavatnet og Botnavatnet ligg det ein breelvavsetning truleg samansett av sand og grus.

Ein brønn i lausmassane, avsetning 1 (fig.2) bør kunna dekka vassbehovet.

Dersom avstanden mellom Ålgård og Myssa er for stor til at det er økonomisk forsvarleg å leggja vassledning, kan truleg fjellboringar i Myssaområdet dekka vassbehovet.

## MYDLAND

Vassbehovet er ca. 0.5 l/s.

Det er ikke kjent eigna lausmassar til grunnvassforsyning i dette området.  
Bergarten i området er mangeritt, ein granittliknande bergart.




Fig. 2 Utsnitt av kartblad (M 711) 1311 IV Sokndal som viser dei vurderte områda ved Ålgård/Myssa og Mydland. Lausmassane i det skraverte området ved Ålgård anbefales nærmare undersøkt med tanke på uttak av grunnvatn.

Det er truleg ein del svakheitssonar som går i nordvestlig retning i området. Synfaring i felt er nødvendig for å kunna påvisa eigna stader for boring. Truleg trengst det fleire brønnar for å kunna dekka det oppgjevne vassbehovet, og desse må evt. pumpast mot eit utjamningsbasseng.

## **4 Tidlegare undersøkingar**

Nedanfor er det vist ei liste over tidlegare undersøkingar i kommunen. Lista er basert på tilgjengelege data. Det kan imidlertid finnast meir data som i denne omgang ikkje er registrert.

### **REFERANSAR I PRIORITERTE OMRÅDE**

Falkum, T. (1982): Mandal. Berggrunnskart, M = 1:250.000. *NGU*.

Maijer, C., Pagdet, P. (1987): The geology of southernmost Norway. An excursion guide.  
*Special Publication 1. NGU*.

Misund, A., Folkestad, B., Ellefsen, V., Korsmo, A.R., Torsnes, O. (1990): Kartlegging av spesial-  
avfall i deponier og forurensset grunn i Rogaland. *NGU Rapport 89.148*.

Huseby, S. (1974): Grunnvannsmuligheter for tettstedene Åna Sira, Jøssinghavn og Hauge i  
Sokndal kommune. *NGU Rapport O-74128*.

Huseby, S. (1978): Rapport etter undersøkelser vedrørende grunnvannsmuligheter for tettstedet  
Hauge i Sokndal kommune. *NGU Rapport O-76347*.

## Nemningar brukta på kart

I prosjektet "Grunnvatn i Noreg" (GiN) er det nytta eit klassifiseringssystem som skildrar forholda for å nytta grunnvatn som vassforsyning. Klassifiseringa byggjer på ein vurdering av sjansane for uttak av grunnvatn i området sett i forhold til dokumentert vassbehov.

Klassifiseringa byggjer for A-kommunane på synfaring og geologisk materiale, for B-kommunane i hovudsak på ei vurdering av geologiske- og topografiske kart samt tilgjengeleg litteratur.

God	<p>Sjansen for å nytta grunnvatn som vassforsyning for den aktuelle lokalitet er god. Dette innebærer at hydrogeologiske feltundersøkingar er utført (boring, prøvepumping, geofysisk undersøking, synfaring med tanke på boring i fjell, sprekkekartleggjring m.m.) med positivt resultat.</p> <p>Nemninga god kan også nyttast dersom vassbehovet er svært lite i forhold til den medrekna vassgjevarevna til bergartane/lausmassane.</p>
Mogeleg	<p>Det er sjansar for å nytta grunnvatn som vassforsyning for den aktuelle lokalitet. Dette inneber at hydrogeologiske undersøkingar ikkje er gjennomført.</p> <p>Områder der det alt er utført hydrogeologiske undersøkingar, utan sikker positiv eller negativ konklusjon vil som regel vera klassifisert som "mogeleg".</p>
Dårleg	<p>Sjansane for å nytta grunnvatn som vassforsyning for den aktuelle lokalitet er dårlig. Dette inneber at hydrogeologiske feltundersøkingar er utført (boring, prøvepumping, geofysisk undersøking, synfaring med tanke på boring i fjell, sprekkekartleggjring m.m.) med negativt resultat.</p> <p>Nemninga dårlig kan også nyttast dersom vassbehovet er svært høgt i forhold til venta vassgjevarevne i fjell/ lausmassar.</p>